

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 59 / 2017 Sak til: 66 / 2017	Onsdag 20 september 2017	<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset.

Frammøtte: 5 av 7 medlemmer. 2 varamedlemmer

Til stades

Medlemmer:

Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Solfrid Kongshaug Aase, Kjell Berland, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

Varamedlemmer: Bente Breivik og Geir Kvinge.

Meldte forfall: Einy Daviknes og Ivar Eidsaa

Andre frammøtte:

Sak / år:

59/2017: Møteprotokoll frå møte 29 august vart godkjent.

60/ 2017: Meldingar:

Søknad frå diakon Jannicke om støtte til adventsfest på kr. 2000. Vi vedtek det. Takkoffer 22 oktober går til årets TV aksjon, UNICEF.

61/ 2017: Gudstenesteliste:

10/09: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Konfirmasjon. Offer: Ungdomsarbeidet på Askøy. Ansvarleg: Alle team.

13/09: kl.17.00. Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

.....
24/09: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp og nattverd. Offer: Kyrkjelydens eige arbeid. Ansvarleg: Team 4.

04/10: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30

08/10: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Stefanusalliansen. 50 års konfirmantar. Ansvarleg: Team 3.

22/10: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: TV aksjonen 2017. Innskriving av nye konfirmantar. Ansvarleg: Team 2

62/ 2017 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:

Vi planlegg kven som er med på gudstenesta på Eldresenteret for kvar gong. Det er positivt og sosialt for bebuarane å ha felleskapet med kaffi/kaker før gudstenesta. Det ynskjer vi å ha. 8/10: 50 års konfirmantjubileum. Vi treng folk til å hjelpe til, både i kyrkja og i kyrkjelydshuset. Det vert avtalt etter kvart.

63/2017: Evaluering av konfirmasjonsgudstenesta 10 september 2017

Det var mange oppgåver, og litt for få som hjalp til. Burde vore fleire frå teama. Mykje folk i kyrkja. Det vart snart forlite puter å sitje på .Det er ynskje om faste puter i benkene. Bør og ha golvløpere langs ytterveggene for lyddemping.

Folk var tidlig ute og tok plass i kyrkja. Det var forslag om det burde vore spela musikk eller vist noko på powerpoint før gudstenesta byrja.

Det er ferre som går rundt alteret under ofringa etter at VIPS vart tatt i bruk. Det er fint når konfirmantane går rundt først.

64/2017:Givertenesta til Ungdomsarbeidet i Askøy.

Det er utarbeida informasjonskort om Givertenesta til ungdomsarbeidet på Askøy og korleis ein kan verte fast giver. Dei ligg i kyrkja.. Desse må informerast om på kunngjeringene og delast ut til dei som ynskjer det.

65/2017:Skriv til kommunen angående betaling av festeavgift.

Kyrkjelyden har fått overta Herdla kyrkjelydshus frå kommunen. Kommunen ynskjer ei festeavgift for tomten som er foreslått til kr.24000 pr. år.

Dette er ein høg sum og det vert tatt opp frå kyrkjeverge om den kan reduserast. Saka vert arbeida vidare derifrå.

66/2017: Eventuelt:

- Ha skilt ved veien til kyrkjelydshuset når det er arrangement der.
- Utarbeide retningslingjer for utleige av kyrkjelydshuset.
- Ynskje om å ha minneord etter dødsfall i forbindelse med forbøna. Dette vert tatt opp på stabsmøte.
- Ynskje om bønnekrukke til å skrive bønneynskje i. Denne kan løftast fram under forbøna med ei felles bønn og uten at lappane vert lese. Bønnelappane vert makulert anonymt.
- Spesielle gudstenester til våren må planleggast no. Vi må m.a. ha fleire familiegudstenester.

Neste møte vert onsdag 25 oktober.

S. Herdla 5 oktober 2017.

Reidun Flåpo Idøy.

Referent.